



Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 6. september 2016
Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Til stades:

Torbjørn Støylen, Helge Standal, Janne Svindseth, Per Bjørnar Tynes, Liv Hole, Bjørg Djupvik Grebstad og Knut Henning Aursnes.

Monika Breivik Orre og May Lisbeth Aurdal hadde meldt avbod.

I tillegg møtte ungdomsarbeidar Katrine Numme og trusopplærar Anna Myklebust.

Soknerådsmøtet starta med at Anna Myklebust og Katrine Numme presentere seg sjølve og det arbeidet dei har teke til i, etter at soknerådet presenterte seg sjølv først.

Soknerådet takka for orienteringa og for frammøte. Numme og Myklebust takka for seg, før soknerådet tok fatt på saklista:

Sak 28/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 29/16 Godkjenning av referat frå møte 07.06.2016
Referatet vart godkjent.


Sak 30/16 Søknad om støtte til Sykkylven Gospelkor
Sykkylven Gospelkor søker om støtte til drifta av koret og kjøp av elpiano. Dei hadde ein konsert i vår som gjekk med underskot. Dei ynskjer også å bygge eit låsbart skap i kyrkjesal 1. Totalt ber dei om å dekke halve kostnaden på ca. 17.000,- Det vil sei kr. 8.500,- Sjå vedlegg.

Vedtak: Sykkylven sokneråd støtter Sykkylven Gospelkor med kr.9.000,-. Vi ynskjer at barnekora som tilhøyrrer Sykkylven kyrkje kan nytte det nye elpianoet.

Sak 31/16 Søknad om støtte til KRIK
KRIK Sykkylven søker om støtte på kr. 5 000,- til kjøp av utstyr og andre utgifter. KRIK Sykkylven gjer eit viktig arbeid for ungdom og vi bør støtte dei i dette arbeidet. Sjå vedlegg

Vedtak: Sykkylven sokneråd gir kr.5 000,- i støtte til KRIK Sykkylven.

Sak 32/16 Kjøp av reproduksjon av glasmåleria i gamlekyrkja
Kyrkjeverje Arild Sporsheim fekk besøk av Grethe Haavardsholm som har originalane til glasmåleria i gamlekyrkja. Vi har motteke eit tilbod om å få kjøpe reproduksjon av dei 9 glasmåleria til ein sum på kr. 18 000,-. Dette kunne vere bilde vi kunne henge opp i kyrkjestova som ei erstatning til



Sykkylven sokneråd

dei som er der i dag. Vi har snakka om at dei bilda som heng der i dag bør takast ned. Sjå vedlegg

Vedtak: Sykkylven sokneråd er takksame for at Grethe Haavardsholm gir oss høve til å kjøpe gode reproduksjonar av dei 9 originalbileta Frøydis Haavardsholm utsmykka gamlekyrkja med. Soknerådet løyver pengar til dette formålet og ber kyrkjeverjen om å følgje dette vidare opp med G. Haavardsholm. Soknerådet ber Kyrkjeverjen søkje om støtte til prosjektet blant aktuelle støttespelarar.

Soknerådet ser også muligheiter til å sjå utnytting av desse reproduksjonane i samband med utsmykking av kyrkjekjellaren saman med andre mulige minner frå gamlekyrkja. Ein vil kome attende i ei seinare sak om ein skal gå vidare med dette.

Til samtale: *Soknerådet samtalte om soknerådet er synlege nok i dei samlingane som er i kyrkja som: Gudstenestene, Kyrkjemessa, loddsal til kyrkjemessa, konsertar og andre arrangement.*

Orientering:

- Helge Standal orienterer om temaseriane på gudstenestene i haust.
- Det blir bispevisitas den 7.2 – 12.02.2017 i Sykkylven (sjå eige brev. Obs. det er eit dokument på 22 sider. Du kan velje om du vil skrive det ut).
- Referat frå stabssamlinga i Loen i august 2016 (sjå eige vedlegg).
- Vi ynskjer ei fellessamling med Ikorntnes sokneråd og staben fredag den 18.11.16 Stad kjem vi tilbake til. Det blit sendt ut SMS frå kyrkjekontoret ang. dette møtet.
- Kyrkjedal 2 er ommøblert litt. Nokre fleire element i skilleveggane er trekt fram.
- I samband med kyrkjemessa blir det ei kunstutstilling i kyrkjekjellaren. Per Grønli vil stille ut ca. 40 bilete. Vi har også fått eit bilete av han til utlodding på kyrkjemessa!
- Det vert i år som før ein Trusopplæringskonferanse på Lillestrøm. Det er fleire frå staben som skal reise. Er det nokon frå soknerådet som har lyst/høve er det berre å melde frå. Dette er ein stor og viktig konferanse med over 1.000 deltakarar.
- Eldresdag m/middag vert 30.oktober
- Hausttakkefest vert 2.oktober

Møteplan 2016:

Dato	Aktivitet
18. oktober	Planlegging av visitas i februar 2017
8. november	Givarteneste
18.november	Strategisamling for sokneråda i Ikorntnes og Sykkylven og staben
6. desember	Evaluering av året. Val av leiar, nestleiar og referent

Sykkylven Gospelkor
v/Sigurd Johan Saure
Aurdalsvegen 95
6230 Sykkylven

Sykkylven 14. juni 2016

Sykkylven Sokneråd
v/Torbjørn Støylen
Postboks 161
6239 Sykkylven

Søknad om økonomisk stønad til Sykkylven Gospelkor våren 2016

Koret har våren 2016 hatt eit høgt aktivitetsnivå, med høgdepunkt som «A tribute to Andrae Crouch» i Sykkylven Kyrkje 21. mai, Gospelkvelden i kyrkja 8. juni, gospelmesse i Ørsta kyrkje 24. april, song ved gudstenesta 10. april og øvingshelg i Fosnavåg 4.-6. mars.

I forbindelse med Andrae Crouch-konserten, valde vi å hyre inn nokre musikarar for å ha med oss eit band – dette for å gjere rettferd til musikkforma. Dessverre viste det seg at vi hadde lagt konserten til same helg som ein annan stor kor-konsert, og vi fekk ikkje det publikumsoppmøtet vi hadde håpa på. Kombinasjonen med musikarar frå andre sida av Storfjorden og mange øvingar, gjorde at vi fekk høge utgifter til denne konserten:

Billettinntekter:	20.000,-
Utgifter:	
Husleige	2000,-
Leige anlegg	1500,-
Vask av kyrkja	600,-
Beverting konsertdag:	1200,-
Blomar konsert:	600,-
Utgifter til bandet:	12000,-
Lydmann:	3000,-
Dirigent:	3000,-
Samla utgifter:	23900,-

Konserten vår gjekk med andre ord med eit underskot på knappe 4000,-

Vi har ved tidligare anledningar lånt el-piano på Sykkylven Kulturhus når vi har hatt øvingshelgar andre stader enn på hotell. Dette har ikkje alltid vore uproblematisk, og det har vore «harde» forhandlingar om å få med seg pianoet kvar gong. Vi valde derfor i vinter å gå til innkjøp av eige el-piano, eit Yamaha CP-40 stage piano. Vår faste pianist, Tor Einar Steinsvik, disponerer heller ikkje eige piano om dagen, så dette var like mykje for at han skulle disponere eit piano å øve på, som at vi skal ha eit tilgjengeleg. Samla sum for piano med stativ og transportbag vart på vel 16.000,- inkl mva.

Vi kjøpte i 2015 inn eit portabelt lydanlegg saman med kyrkja. Dette har vore lagra delvis i fyrrommet i kyrkjekjellaren og delvis i lagerrommet i Kyrkesal 1. Pr i dag, har vi ei mikrofonledning og ei skøyteledning for straum på avvegar. Vi har snakka med kyrkja om å kunne bygge eit skap / lagerrom som kan låsast, men har konkludert med at det er bedre med to store, låsbare skap.

Vi har og eit behov for å lagre notar og anna materiell nedlåst. Dette ligg pr i dag i eit skap i kjøkkeninnredninga i kyrkjesal 1.


2 stk låsbare stålskap på 105cm bredde og 63cm djupne kjem på ca 10.000,- inkl mva, levert Sykkylven.

Sykkylven Gospelkor skal i oktober / november 2016 feire sitt 5-års jubileum som kor. Vi øver i kyrkja kvar veke, har jamnt godt oppmøte på alle våre øvingar og får stadig betre tilbakemeldingar på opptredenane våre. Vi har ca 25 betalande medlemmar, og eit snitt på over 20 frammøtte på kvar øving. «Gjennomtrekken» av medlemmar som vi såg dei første åra er no over, og vi har ei stabil og god medlemsmasse. Aldersmessig er vi det klart yngste og «sprekaste» av kora i Sykkylven.

Eg følar at koret no er over «døgnfluge»-fasen og har etablert seg som eit fast og stabilt kor i kommunen. Medlemmane er motiverte og stiller på kvar gong det er noko som skjer. Eg meiner derfor at det er på sin plass å ta desse investeringane for framtida.

Vi søker med dette om støtte til innkjøpet av el-piano og innkjøp av stålskap, samt å dekke underskotet på konserten vår. Dersom Sykkylven Sokneråd kunne hjelpe oss med til dømes halve summen på investeringane, ca kr 13.000,- + 4000,- til konserten, hadde dette blitt sett enormt stor pris på av koret. Soknerådet står elles så klart fritt til å sjølv velje kva dei vil støtte oss med.

Med helsing,



Sigurd Johan Saure

Leiar, Sykkylven Gospelkor

Til Sykkylven sokneråd
v/leiar Torbjørn Støylen
tstoylen@broadpark.no



SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE

Først vil vi takke for tidlegare støtte!

KRIK Sykkylven er no nokså nøyaktig 3 år gamal – etter at den vart starta opp igjen i august 2013.

Styret består p.t. av:

Pauline Alnes Bragstad (leiar)

Ole Tobias Sæther (nestleiar)

Julie Andrea Fjeldberg (styremedlem)

Julie Iren Holen (styremedlem)

Svein Erik Kampenes (styremedlem)

Arild Sporsheim (sekretær og kasserar)

KRIK Sykkylven er for ungdom frå alderen 13 år (ungdomskule) og oppover, og er tverrkyrkjeleg.

Formåla med foreininga (henta frå vedtektene våre) er:

- 1) Formålet med Kristen Idrettskontakt (KRIK) er å bevare, inspirere og vinne idrettsfolk til kristent liv både i idrettslag og kyrkjelyd.
- 2) KRIK ynskjer å inkludere idrettsfolk frå forskjellige trus- og kyrkjesamfunn. KRIK bygger på det objektive frelsesgrunnlag som er lagt ved Jesus Kristus og hans soning for våre synder og hans oppstandelse til rettferdiggjøring slik som det står uttrykt i Den Helilage Skrift og i den apostoliske truvekjeninga.

Vi har samlingar kvar laurdag frå kl. 16:00-18:00 der det er ungdommane sjølve (frå styret) som leier samlingane. Midt i samlinga er det andakt enten av ein av dei som leier samlinga eller av nokon som er invitert inn. Vi arrangerer også overnattingsturar og ungdomskveldar.

KRIK Sykkylven søker med dette om kr. 5000,- til kjøp av utstyr og elles andre utgifter i samband med KRIK-arbeidet i Sykkylven.

Helsing

Pauline Alnes Bragstad, leiar

Arild Sporsheim, sekretær og kasserar

Postadresse:

Ura 33
6230 Sykkylven

Leiar:

Pauline Alnes Bragstad
Tlf.: 981 28 745
E-post: bragstad366@gmail.com

Facebookgruppe: KRIK Sykkylven

Org. nr.: 912 58 6723

Kontonr.: 3910.48.42694



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd
Kyrkjeverjen

Sykkylven sokneråd
v/leiar Torbjørn Støylen

Saksframlegg

Reproduksjon av originalbilder til glasmaleria i gamlekyrkja

I sommar fikk eg/vi (kyrkja) eit hyggeleg og overraskande besøk av Grethe Haavardsholm, med mann og eit vennepar. Ho kunne meddele at ho har originalbilda til dei 9 glasmaleria Frøydis Haavardsholm utsmykka gamlekyrkja med.

Besøket endte med at ho gjerne vil gi oss tilgang til kopiar av desse bilda. Etter avtale har ho difor undersøkt dette nærare og sendt meg eit brev (vedlagt) med informasjon om dette. Som de kan sjå av vedlegget er kostnaden til ein god reproduksjon om lag kr. 2.000,- pr. bilde. Med 9 bilder blir det difor om lag kr. 18.000,- + frakt.

Dette, meiner eg, er ein unik sjanse for oss til å bevare historisk viktige element frå gamlekyrkja. I tillegg er dette motiv frå kjende bibelhistorier som vil appellere både til unge og gamle. Kanskje kan vi henge dei opp i kyrkjestova?

Forslag til vedtak:

Sykkylven sokneråd er takksame for at Grethe Haavardsholm gir oss anledning til å få kjøpt gode reproduksjonar av dei 9 originalbilda Frøydis Haavardsholm utsmykka gamlekyrkja med. Soknerådet løyver pengar til dette formål og vi ber kyrkjeverjen om å følgje dette vidare opp med Haavardsholm.

Sykkylven, 31.08.2016

Med helsing

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Vedlegg: Brev frå Grethe Haavardsholm, 22.08.2016.

Postadresse:
Postboks 161
6239 Sykkylven

Besøksadresse:
Kyrjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Tlf.: 70 24 69 00 / 996 29 130
E-post: post@sykkylven.kyrkja / kyrkjeverje@sykkylven.kyrkja
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976 997 298 Kontonr.: 4045.30.34315

Sykkylven kyrkjelege fellesråd,

v/Dagleg leiar Arild Sporsheim,
Postboks 161, 6239 Sykkylven

Oslo, 22.8.2016

Vedr. Glassmaleriene i den tidligere Sykkylven kirke

Jeg viser til vårt besøk hos deg i kirken i juli måned, og takker for veldig hyggelig mottagelse og omvisning i kirken.

Som nevnt innehar jeg originalbildene til glassmaleriene som var i den gamle kirken. Utført av Frøydis Haavardsholm.

På min forespørsel, nevnte du at dere kanskje var interessert i å anskaffe reproduksjoner.


Jeg har vært i kontakt med en fagkyndig på området, som eventuelt er villig til å få laget reproduksjoner, enten på lerret, eller på Hahnemühle syrefritt Aquarellpapir.

Jeg har totalt 9 originalbilder, som varierer i størrelse fra ca.54x64cm til 50x55cm. Min kontakt har antydnet at en god reproduksjon vil koste ca.2000 kr. pr.stk.

Vedlegger et par kopier tatt med mobiltelefon og kopiert på vår kopimaskin. Disse er noe blasse, men originalene er ikke slik.

Håper å høre fra deg hvis interessen fortsatt er tilstede.

Med vennlig hilsen



Grethe Haavardsholm

Melumveien 7, 0751 Oslo

Mobil: 4726 0861

Epost: grethe.haavardsholm@getmail.no

Vedlegg



St. Elizabeth and the Holy Child

By the artist

